

**Sakshandsamar:**

Frode Hovland  
E-post: Frode.Hovland@sfj.no  
Tlf: 95 99 26 95

**Vår ref.**

Sak nr.: 10/6726-4  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**


3647/11

**Dykkar ref.****Dato**

LEIKANGER, 03.02.2011

Det Kongelige Fiskeri- og Kystdepartementet  
Postboks 8118 Dep.

0032 OSLO

**Svar – Høyring:****Forslag om endring i Forskrift om tillatelse til akvakultur av andre artar enn laks, aure og regnbogeare - utviding av virkeområde - vasslevande plantar**

Hovudutval for plan og næring har i sitt møtet den 01.02.2011 gjort følgjande vedtak i sak 8/11:

1. Dyrking av tang og tare kan bidra til å auke akvakulturaktiviteten langs norskekysten. Fylkeskommunen ser positivt på nye oppgåver innan marin forvaltning og sluttar seg til forslaget i høyringa. Dette inneber at fylkeskommunen vil få ansvaret for tildeling av løyve til akvakultur av vasslevande plantar.
2. Fylkeskommunen sluttar seg og til at det kan settast eit krav om depositum eller liknande sikkerheit på kr 2 500,- per omsøkt dekar for å sikre opprydding etter permanent opphøyr av drift på ein lokalitet.
3. Fylkeskommunen sluttar seg til at avgrensinga av løyvet vert gjeve i dekar, etter ei konkret vurdering i kvart einskild tilfelle.

Med helsing

Endre Høgalmen  
ass. fylkesdirektør for næring

Frode Hovland  
seniorrådgjevar

